



## KONTROLLUTVALET FOR MELAND KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

**Møtedato:** 23. april 2014  
**Stad:** Meland kommunehus – formannskapsalen  
**Kl.:** 08.30 – 11.00  
**Tilstades:** Marie Morken (leiar), Øystein Blom (nestleiar), Beate Eknes,  
Anne Marie Skurtveit - vara for Asbjørn Larsen og Helge Nygård  
– vara for Jarle Vikebø  
**Innkalla:** Rådmann og økonomisjef til sakene 14 og 15  
**Revisjon:** Revisjonssjef Reidar Bjørsvik  
**Sekretær:** Sekretariatsleiar Bent Gunnar Næss  
**Forfall:** Jarle Vikebø, Asbjørn Larsen og Beate Eknes – vara kunne ikkje møte

---

### 11/14 Godkjenning av innkalling og saksliste

**Samrøystes vedtak:**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

### 12/14 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

**Samrøystes vedtak:**

Møteutskrift frå møte 29.01.14 vart godkjent.

### 13/14 Skriv og meldingar

- Kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjon i Meland kommune
- Garantiansvar ved overdragelse av Maurtua barnehage SA til Læringsverkstedet barnehager - kommunestyresak 05/2014
- Opptak av startlån og søknad om boligtilskot til etablering for 2014 - kommunestyresak 08/2014
- Revisjonsrapport overformynderi
- Budsjettjusteringar investeringsbudsjettet
- Fylkesmannen sin uttale til budsjettet for 2014
- Kommunestyresak 19/2014 - VA- prosjektet Fløksand – Vikebø – rapport frå kontrollutvalet

**Samrøystes vedtak:**

Skriv og meldingar vart tekne til orientering.

### 14/14 Uttale til årsrekneskapen for 2013

Sakstilfang: Årsrekneskap, årsmelding frå rådmann, revisjonsmelding og revisjonsutale.

Kontrollutvalet gjekk gjennom årsrekneskapen for 2013, og stilte spørsmål til administrasjon og revisor om tilhøve kring revisjonsrapporten, årsmeldinga og rekneskapen.

### **Samrøystes vedtak:**

#### **Med tilvising til det som her er nemnd vedtok Kontrollutvalet å gi slik uttale til kommunestyret om Meland kommune sin årsrekneskap for 2013:**

Kontrollutvalet har handsama årsrekneskapen for Meland kommune for 2013. Saman med årsrekneskapen låg føre årsmeldinga frå rådmannen samt revisjonsmelding og revisjonsrapport.

#### **Driftsøkonomi**

Meland kommune sin økonomi har betra seg betrakteleg i 2013. Driftsinntektene har auka med 6,2 % og driftsutgiftene auka bare med 0,2 %. Netto finanskostnader er redusert med 1,4 mill. kr. Mindreforbruket i 2013 er på 3,0 mill. kr og samla meirforbruk på 18,1 mill. kr er dekkja inn.

Netto driftsresultat i 2013 er pluss 29,9 mill. kr og det utgjer om lag 6,4 % av driftsinntektene. KS sin anbefaling er at det bør vere minimum pluss 3 %. Når ein korrigerer netto driftsresultat for momskompensasjon frå investeringar, netto pliktige avsetningar til bundne fond så er korrigert netto driftsresultat 19,8 mill. kr. Det viser at kommunen sin økonomi har betra seg betrakteleg i 2013.

Korrigert netto driftsresultat i mill. kr

	2011	2012	2013
Netto driftsresultat	-5,20	2,20	29,90
+ Ekstra lønnskostnader i 2012		2,00	
- Momskompensasjon investering	-1,80	-4,10	-6,36
- Avsatt bundne fond (netto)	-0,30	-3,90	-3,71
- For lite avdrag i 2012		-1,70	
- Tap på fordring - ikkje belasta		-1,20	
<b>Korrigert netto driftsresultat</b>	<b>-7,30</b>	<b>-6,70</b>	<b>19,82</b>

Ein stor del av kommunen sine utgifter er lønnsrelaterte. Samanlikna med 2012 har lønnsutgiftene inklusiv sosiale utgifter auka med 0,5 %. Noko av forklaringa til den låge auken i 2013 er at i 2012 var første året der ein belasta rekneskapen med variabel lønn i desember som ikkje var utbetalt, men kostnadsført. Det gav om lag 2 mill. kr i ekstra kostnader i 2012. Sjølv om ein tek omsyn til det så er auken på 1,3 % noko som er lågare enn lønnsauken. Dette er hovudforklaringa til betringa i driftsresultatet.

#### **Gjeld og likviditet**

Det er grunn til å merke seg at netto langsiktig lånegjeld (utanom - pensjonsforpliktingar, ubrukte lånemidlar og formidlingsutlån) auka med 21,3 mill. kr til 359 mill. kr. Netto langsiktig lånegjeld utgjer 77 % av driftsinntektene. Kommunen vil vere sårbar dersom rentenivået skulle stige.

Totalt omløpsmidlar er om lag 104 mill. kr, reduserer ein dei med ubrukte lånemidlar (7,5) og premieavvik (18,7) så utgjer omløpsmidlane 77 mill. kr. Den kortsiktige gjelda er 60 mill. kr, justert for premieavviket. Det betyr at kommunen sin arbeidskapital (omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld) er på pluss 17,6 mill. kr. Bundne fond (18,5 mill. kr) og investeringsfond (13,1 mill. kr) er totalt 31,6 mill. kr. Det betyr at kommunen ikkje har likviditet til å «bruke» bundne fond og investeringsfond. Omløpsmidlane burde vore 2 gonger så høg som kortsiktig gjeld, så likviditeten er

framleis dårleg. Kommunen er framleis avhengig av dei ubrukte lånemidlane for å ha likvide midlar.

Kommunen har framleis midlar i verdipapirfond. Revisjonen peikar på at ein bør vurdere om dei har tilstrekkeleg låg finansiell risiko. Økonomisjefen opplyste om at risikoen i fonda no er lågare enn tidlegare. Kontrollutvalet ser det likevel som naturleg å realisere verdipapirfonda.

### **Tenesteområda – skjema 1B og 2B**

Skjema 1B i rekneskapen syner netto utgifter på dei ulike områda som kommunestyret har løyvd midlar til. Avvik (overforbruk/underforbruk) er stort sett forklart i årsmeldinga. Totalt sett så er det eit mindreforbruk på 2,7 mill kr. Det er gjort endringar i drifta organisatorisk slik at budsjettet og rekneskapen ikkje kan samanliknast heilt.

I investeringsrekneskapen – skjema 2B så er der nokon større avvik i forhold til vedteke budsjett. Nokon av desse avvika skuldast at framdrifta i prosjekta har vore noko annleis enn planlagt. Kommunestyret si løyving til investering er ettårig og ikkje årsvahengig.

### **Anna**

Kommunelova § 48 nr 5 seier at årsmeldinga skal gjere greie for den faktiske tilstanden for likestilling i kommunen, arbeidet med å sikre ein høg etisk standard og betryggande kontroll. Desse punkta er omtalt i årsmeldinga.

Notane i rekneskapen er meir utfyllande dette året og det aukar informasjonsverdien til rekneskapen.

### **Konklusjon**

Revisjon av årsrekneskapen er tilfredsstillande utført etter kontrollutvalet si oppfatning. Kontrollutvalet viser til revisjonsmeldinga til årsrekneskapen datert 14.04.2014 og revisjonsrapport datert 14.04.2014. Kontrollutvalet ser det som positivt at rekneskapen no er avlagt slik at revisjonen ikkje har nokon atterhald eller presiseringar. Kontrollutvalet reknar med at dei kommentarane som revisjonen har vil bli følgt opp av administrasjon.

Kommunen sin økonomi er forbetra i 2013. Kontrollutvalet ser det som svært viktig at den utviklinga held fram slik at det er samsvar mellom driftsinntektene og driftsutgiftene som gir kommunen ein sunn økonomi.

Kontrollutvalet meiner at presentasjon av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og notar, tilfredsstillar brukarane sitt informasjonsbehov. Rekneskapen og årsmeldinga er blitt meir oversikteleg.

## **15/14 Samhandlingsreformen Helse**

Rådmann hadde ein gjennomgang av kva samhandlingsreformen betyr for Meland kommune med omsyn til:

- Sjølve reformen er eit utviklingsområde
- Meland klarer stort sett å ta i mot ustkrivingsklare pasientar og betaler lite ekstra for det
- Medfinansiering – må betale det ein får krav om
- Den auka behandlingsskapasiteten som sjukehusa får kan gi noko auke i kostnadene til kommunen
- Forventningane som er til kommunen kan vere vanskeleg å oppfylle innan dei økonomiske rammene
- Kommunen må sjå vidare enn dette og tenke forebyggande helsearbeid – det må inn i all planlegging
- Føler at ein har gode fora der samhandlingsreformen vert diskutert
- Det løpande og daglege arbeidet fungerer bra, men kunne gjort meir arbeid på det førebyggjande. Det er sårbare grupper som med fordel kunne vore prioritert.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tok orienteringa til etterretning.

**16/14 Gjennomgang av møtebøker frå politiske utval**

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet hadde ingen merknad.


**17/14 Eventuelt**

Protokollane frå kontrollutvalet sine tidlegare møte må gjerast tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

Neste møte i kontrollutvalet er 18. juni kl 08.30.

Frekhaug, 23. april 2014

  
Marie Morken/leiar

  
Bent Gunnar Næss/sekretær